



Namn: Carl Olav Vaaga

Alder: 59 år

Yrke: Rektor på Husnes ungdomsskule

Utdanning: Lærar

Adresse: Eidsvik

Familie: Gift med Åslaug, to born og to barneborn.

– *Korleis fann du vegen til Kvinnherad?*

– Eg gjekk på lærarskulen på Stord, og der gjekk òg Åslaug.

– *Kva er du oppteken med i dag?*

– Eg tumlar med juleavsluttinga for elevar og foreldre. Den skal me ha i Kulturhuset 20. desember. Juleavsluttinga skal vera ein fin fest, med program i kinosalen og bordsæte i festsalen. Der blir det servert god mat, elevane skal vera fint kledd, og så er det dans til slutt. Elevane er gode til å dansa, dei er kjempegode.

– *Kva er bra med å bu her?*

– Her er roleg og fredeleg, flott natur og fine menneske. Eg har arbeidd på Husnes ungdomsskule nokre år og opplever at her er svært mange flotte ungdomar og foreldre. Dei aller fleste elevane yter sitt beste, og så er det nokre som kunne arbeidd meir.

Carl Olav Vaaga er oppvaksen i Stavanger.

– Eg held med Viking, men laget må byta trenar og dagleg leiar. Helge Skogseide her på skulen kunne blitt ein god leiar i Viking.


– *Kva gler deg?*

– Å vera i lag med barneborna, at det går bra med mine eigne og å møta alle elevane på skulen her. Her er 303, eg veit kven alle er, men kan ikkje namnet på radt alle.



Jobbar vidare med kulturskulesenter

[Nyhende](#) www.kvinnheringen.no: Rådmannen rår til at det vert jobba vidare med realiseringa av eit kulturskulesenter på Husnes. [Les mer](#)



Nattestengt veg

[Nyhende](#) www.kvinnheringen.no: Også denne veka (veke 48) og neste veke blir det fire netter med nattestengt veg i Mauranger. [Les mer](#)